

Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal.

Årsmøte tysdag 3. mars 2020 i Tribunebygget, Molde kl 19.00 – 21.00.

Årsmøtereferat.

1. Møtet vart opna av leiar Magnar Husby, som samråystes vart valt som ordstyrar og skrivar. Anne Marie Hareide og Japke Sietske Stobbe vart samråystes valde til å underskrive proptokollen.

2. Følgjande møtte på årsmøtet og fekk godkjent slik røysterett etter kursverksemda i organisasjonane dei representerte:

Åsa Fredly – Norges Jeger- og Fisker forbund (NJFF) – 4 røyster

Janne Karin Gjøen – Norges sopp- og nyttevekstforbund (NSNF) – 3 røyster

Magnar Husby – Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS) – 2 røyster

Hans Ole Hatle – 4H Norge (4H) – 2 røyster

Ragnhild M Harstad – Norges speiderforbund (NSF) – 1 røyst

Japke Sietske Stobbe – Naturvernforbundet (NNV) – 1 røyst

Anne Marie Hareide – Sabima (SABIMA) – 1 røyst

3. Årsmeldinga frå styret vart gjennomgått punkt for punkt og samråystes godkjent med følgjande endring under punkt 1b om revisor: Ingbjørn Bredeli vart revisor for 1 år etter førespurnad. (Vedlegg 1).

4. Rekneskapen vart lagt fram av kasserar Japke Sietske Stobbe og samråystes godkjent. Revisjonsrapport frå Ingbjørn Bredeli vart opplest. (Vedlegg 2 og 3).

5. Framlegg til arbeidsprogram for 2020 frå styret vart lagt fram og godkjent samråystes med tillegg av følgjande punkt 8: «Vurdere opplæring/infodag med Studieforbundet natur og miljø, med fokus på studieplaner; utforme, søkje, rapportere». (Vedlegg 4).

6. Framlegg til budsjett vart presentert av Japke Sietske Stobbe i 3 versjonar, og desse vart samråystes vedtekne som ei samla ramme for styret sine økomomiske disposisjonar i sesongen 2020. (Vedlegg 5).

7.Val. Valkomiteens arbeid vart presentert av Anne Marie Hareide, og årsmøtet gjorde følgjande samråystes vedtak (ved akklamasjon):

Leiar: *Magnar Husby* vart attvald for 1 år.

Styremedlem: *Ragnhild M Harstad* vart attvald for 2 år.

(*Japke Sietske Stobbe* var ikkje på val og sit ut sesongen 2020).

Varamedlem til styret: *Kari Janne Gjøen* vart attvald for 1 år.

Revisor: *Ingbjørn Bredeli* vart attvald for 1 år.

Valkomite: *Anne Marie Hareide* (NSNF) vart attvald for 3 år.

(*Erik Skjøtskift* (NB) var ikkje på val og sit ut sesongen 2020).

(*Maria Holo Leikarnes* (DNT) var ikkje på val og sit ut sesongen 2021).

(Vedlegg 6. Organisasjon i sesongen 2020)

Referat ved skrivar Magnar Husby, Hustadvika 4. mars 2020

Underskrivarar:

Anne Marie Hareide

Japke Sietske Stobbe

Årsmelding Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal for sesongen 2019.

1.Organisasjonen i sesongen 2019

a)Styret etter vedtak/stadfesting på årsmøtet 2019

Magnar Husby vart vald til leiar for 1 år

Japke Sietske Stobbe vart attvald som styremedlem for 2 år

Ragnhild Harstad var ikkje på val og sit som styremedlem ut sesongen 2019

Kari Janne Gjøen vart attvald som varamedlem til styret for 1 år

b)Revisor etter vedtak på årsmøtet 2019

Ingbjørn Bredeli vart revisor for 1 år etter førespurnad.

c)Valkomite etter vedtak/stadfesting på årsmøtet 2019

Anne Marie Hareide, Risken sopp- og nyttevekstforening, sitt 3. året

Erik Skjøtskift vald for 2 år og har 1 år att.

Maria Holo Leikarnes vald for 3 år og har 2 år att

2.Styret sitt arbeid i sesongen 2019

Styret har hatt 3 nettmøte gjennom sesongen. Det første i slutten av april 2019. Det andre i midten av juli 2019 og det tredje i midten av oktober 2019. I tillegg har arbeidet vorte utført gjennom ekstra nettkontakt og kontakt over telefon.

Den viktigaste arbeidsoppgåva har vore å lyse ut stønadsmidlar for sesongen, setje ein søknadsfrist, handsame søknadene, gjere vedtak om tildeling og få midlane utdelt. Det er soikt om tildeling både til prosjekt og aktivitet, som utlyst. Men styret har prioritert å dele ut midlane til gode søknader og ikkje låst fast midlane med ein viss sum til prosjekt eller aktivitetar. Styret har tildelt meir midlar enn det Studieforbundet Møre og Romsdal sjølv har fått i stønad frå fylket.

Tildelingsvedtaket var som følgjer:

DNT Romsdal (ved Arnstein Salthammer, Eide, til Skredvettdag): 10 000 kr

Møre og Romsdal Bonde og småbrukarlag (ved Eli Kristin Aalbu Sæther, for Dyregodarrangement): 8000 kr

4H Møre og Romsdal (ved May Britt Skjortnes til instruktørkurs og inspirasjonssamling):

6000 kr + 10 000 kr = 16 000 kr

Norske Redningshunder Møre og Romsdal distrikt (org.nr: 984230168, ved Ronny Bunes, til kompetanseutvikling og oppgradering av operativt utstyr): 15 000 kr

Risken sopp og nyttevekstforening (ved Anne Marie Hareide, til soppdagar og lagringsutstyr):

1500 kr + 400 kr + 4000 kr = 5900 kr

Styret har behalde kontoret i Tribunebygget og ordna opp i formalia rundt dette i tråd med tidlegare ordning. Styret har også behalde tilhengjaren i lager hos Plamen Valyov på Gule og ordna opp i formalia rundt dette.

Styret har elles hatt god kontakt med Vofo Møre og Romsdal og Studieforbundet natur og miljø sentralt og formidla deira informasjon til medlemsorganisasjonane i fylket. Styret vedtok å ikkje å vere representert på landskonferansen i Studieforbundet sesongen 2019.

Japke Sietske Stobbe har hatt vervet som kasserar, og leiaren har vore sekretær.

3.Verksemda i organisasjonane i fylket.

Dei har halde 141 kurs på til saman 2673 timar med 1246 deltagarar. Dei har rapportert 3193 dugnadstimar til dette. Og det samla tilskotet til kursa var 262 500 kr.

4.Vurdering av arbeidet

Styret har halde verksemda si på eit svært nøkternt nivå fordi resultata av reformprosessane sentralt framleis har mangla.

Vedlegg 2. Årsregnskap for Studieforbundet Natur og Miljø 2019

Inntekter

Drift	9 454
Fondstilskudd fra Fylkeskommunen	49 635
Renter	66
<u>Årets tap</u>	<u>18 442</u> (kr. 3054 mindre enn budsjettet med)
<u>Sum</u>	<u>77 597</u>

Utgifter

Drift	21 638
Fondstildelinger aktivitetsfondet og	
Fondstildelinger Prosjektfondet	54 900
Avskriving tilhenger 10% av 12291,84	996
<u>Bankgebyrer</u>	<u>63</u>
<u>Sum</u>	<u>77 597</u>

Balanse

Aktiva

Fordringer	8840
Eiendom (tilhenger)	8861
<u>Bankinnskudd 31.12.19</u>	<u>104161</u>
<u>Sum aktiva</u>	<u>121862</u>

Passiva

Årets tap	18442
<u>Egenkapital</u>	<u>140304</u>
<u>Sum passiva</u>	<u>121862</u>

Molde 26.02.20

Japke Stobbe

Kasserer

Revisionsrapport

I dag har eg sett på rekeneskapet
for Studiforbundet Natur og Miljø
for driftsåret 2019. Dette verkar
for meg å vere i stigende aste
orden med eit underskot på
kr. 18 442 for 2019 og med
balanseresultat for 2019 på kr. 121 862.

Molde 2. mars 2020

Ingvil Bræddeli

Vedlegg 5. Budsjett 1920

Forslag 1:

Inntekter:

Drift	9 500	
Fonds/tilskudd	50 000	
Renter	70	
Styrt tap	<u>22 286</u>	1
	77 956	

Utgifter:

Drift	25 000	
Fondstildelinger	55 000	
Avskriving tilhenger	886	(10% av 8861)
Transaksjonsgebyrer	<u>70</u>	
	77 956	

Note 1: Tåler noe tap fordi vi har bra med penger på bok. Og det kan hende at tapet blir mindre fordi vi får større tilskudd. (og eventuelt er villige til å tildele mer)

Forslag 2 :

Inntekter:

Drift	9 500	
Fonds/tilskudd	50 000	
Renter	<u>70</u>	
	59 570	

Utgifter:

Drift	25 000	
Fondstildelinger	23 614	1
Avskriving tilhenger	886	
Transaksjonsgebyrer	<u>70</u>	

Note 1: Nokså knepen ut fra det vi kan forvente foreningene kommer til å söke om (kfr. Søknadene fra i 2019)

Forslag 3: Alternativt: Bestemme for at vi tilkjenner like mye fondstildelinger som vi får som tilskudd.

Inntekter:

Drift	9 500
Fonds/tilskudd	50 000
Renter	70
Styrt tap	<u>16 386</u>
	75 956

Utgifter:

Drift	25 000
Fondstildelinger	50 000
Avskriving tilhenger	886 (10% av 8861)
Transaksjongebyrer	<u>70</u>
	75 956

Kasserer mener årsmøtet kan overlate til et nye styret om det ønsker å gå for forslag 1, 2 eller 3. Og at det styret for 2020 avventer søknadene om tilskudd som kommer inn fra medlems-organisasjonene før en bestemmer summen av tildelingene. Vår viktigste arbeid er å støtte medlemsorganisasjonene i å gjennomføre aktiviteter og prosjekter de planlegger. Vi har bra med penger og tåler tap. Budsjettforslagene er satt opp for å anskueliggjøre hvor stort tapene evt. kan bli og hvor mye tilskudd en kan gi hvis en går får å unngå tap.

Kasserer mener at det nye styret ikke går for forslag 2.

Studieforbundet natur- og miljø i sesongen 2020.

Organisasjon

Styre

Leiar: *Magnar Husby* (tlf: 90849997, e-post privat og for Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal: magnar.hu@gmail.com). (Attvald for sesongen 2020).

Styremedlem: *Ragnhild M Harstad* (attvald for 2 år. Sit ut sesongen 2021).

Styremedlem: *Japke Sietske Stobbe* (sit 2.året og ut sesongen 2020).

Varamedlem til styret: *Kari Janne Gjøen* (attvald 1 år for sesongen 2020).

Revisor

Ingbjørn Bredeli (attvald for 1 år for sesongen 2020).

Valkomite

Anne Marie Hareide (NSNF) (attvald for 3 år og sit ut sesongen 2022)

Erik Skjøtskift (NB) (var ikke på val og sit ut sesongen 2020).

Maria Holo Leikarnes (DNT) (var ikke på val og sit ut sesongen 2020)

Arbeidsprogram Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal 2020

1. Være representert på årsmøtet i VOFO Møre og Romsdal og på VOFOs arrangementer der dette er naturlig. Informere egne organisasjoner om VOFOs arbeid, og rapportere til VOFO om egen og organisasjonenes virksomhet.
2. Være representert på konferansen(e) i Studieforbundet natur og miljø og andre arrangementer i studieforbundets regi der dette er naturlig. Informere egne organisasjoner om studieforbundets arbeid og rapportere om egen og organisasjonenes virksomhet til studieforbundet.
3. Søke om og fordele støtte fra Møre og Romsdal fylkeskommune. (Søknad og rapportering går via VOFO.) Utarbeide rutiner for rapportering av bruk av tildelte midler.
4. Drive opplysningsarbeid om og bistå egne og samarbeidende organisasjoner og deres virksomhet med for eksempel stand, kurs og lignende. Innhente informasjon om situasjonen og behovene i egne organisasjoner og tilby dem hjelp i den grad studieforbundet har økonomi og kapasitet til det. Fremme samarbeidet og utviklingen på fylkesplan.
5. Kartlegge våre organisasjons lokallag og vurdere tiltak som kan fremme kursvirksomheten, informasjonsvirksomheten, rekruttering, integrering, lokalt samarbeid og internskolering.
6. Utvikle organisasjonsarbeidet i Studieforbundet natur og miljø Møre og Romsdal og arbeide for at organisasjonene vedtaksfester at de skal være representert i og bruke studieforbundet.
7. Vurdere å starte opp igjen med en aktivitetsdag/infodag for Studieforbundet Natur og Miljø sine medlemsorganisasjoner, alene eller i samarbeid med medlemsorganisasjonene.
8. Vurdere opplæring/infodag med Studieforbundet natur og miljø, med fokus på studieplaner; utforme, søkje, rapportere».